

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-  
X31, TI-&00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 08.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/21	Alver formannskap	04.02.2021
	Alver kommunestyre	

## Forskrift for politivedtekter for Alver kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utkast til forskrift politivedtekt for Alver kommune vert lagt ut på høyring.

### Alver formannskap 04.02.2021:

#### Handsaming:

Feil § 4-1 samme pkt 2 ganger

#### Tilleggsforslag frå AP og KrF ved Ø.Oddekalv-AP:

Formannskapet meiner det må komme tydeleg fram i høyringa at det er eit alternativ å ikkje regulere tigging i politivedtektene. Derfor må ein inkludere følgjande i vedtektsteksten under § 2-4:

«... eller

§ 2-4 Tigging utgår frå vedtektene.»

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegget frå AP og KRF vart vedteke mot 2 røyster (N.Øvreås-FRP og T.Sletten-Hansen-Uavh.).

#### FO- 005/21 Vedtak:

Utkast til forskrift politivedtekt for Alver kommune vert lagt ut på høyring med følgjande endring:

Formannskapet meiner det må komme tydeleg fram i høyringa at det er eit alternativ å ikkje regulere tigging i politivedtektene. Derfor må ein inkludere følgjande i vedtektsteksten under § 2-4:

«... eller

§ 2-4 Tigging utgår frå vedtektene.»

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Heimel for kommunal politivedtekt følgjer av lov om politiet av 4. august 1995 nr. 53 § 14:

*I vedtekter som fastsettes av kommunen og godkjennes av departementet eller den instans departementet fastsetter, kan det gis bestemmelser*

1. om å opprettholde ro og orden, sikre ferdsele og for å hindre tilgrising, herunder klistring og maling på vegger, murer o l., på steder som er alminnelig beferdet eller bestemt for alminnelig ferdsele. Bestemmelser om hunder og hundehold fastsettes etter hundeloven.

2. *i samsvar med lokale sedvaner, om hus- eller grunneiers plikt til på de steder som er nevnt i nr. 1, å holde det rent og ryddig på fortau eller tilsvarende område i umiddelbar tilknytning til eiendommen, rydde for snø og strø når det er glatt*
3. *om meldeplikt for den som vil holde et arrangement som er allment tilgjengelig, selv om arrangementet ikke skjer på offentlig sted, når arrangementets art eller størrelse gjør det sannsynlig at politioppsyn blir nødvendig av hensyn til ro og orden eller avvikling av trafikken. Meldeplikten kan også omfatte sammenkomst med dans eller annen tilstelning av overveiende selskapelig eller underholdende art for medlemmer av forening eller lignende sammenslutning*
4. *om at det for arrangement på offentlig sted som overveiende er av underholdningsmessig, kunstnerisk, selskapelig eller kommersiell art, og som har et omfang som åpenbart vil medføre behov for betydelige ferdselsreguleringer eller vakthold, må leveres inn søknad i stedet for melding etter § 11. Nærmere frist for innlevering av slik søknad kan fastsettes*
5. *om at barn under 15 år ikke har adgang til offentlig dans eller lignende allment tilgjengelig tilstelning uten i følge med foreldre eller andre foresatte*
6. *om regulering av ervervsvirksomhet på offentlig sted som ikke faller inn under regulering i andre lover*
7. *om politiets kontroll med pantelånervirksomhet.*
8. *om forbud mot eller nærmere vilkår for tigging på offentlig sted eller fra hus til hus.*

Det kan fastsettes at den som vil tigge, må melde seg for politiet på forhånd.

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har hatt egne politivedtekter. Vedtektene er gjeldende ut 2020, jf. forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune. Til sammen har forskriftene med andre ord hatt verknad som politivedtekter for Alver kommune, men avgrensa til ut 2020. Det er dermed trong for å vedta politivedtekter som skal gjelde for Alver kommune fram i tid. Kommunen vil for ein tid vere utan politivedtekter, men Lensmannen i Nordhordland har i møte med kommunen bekrefta at dette ikkje vil ha stor betydning for politiets arbeid i perioden.

Politidirektoratet har gitt ut rundskriv om normalpolitivedtekter med merknader. Rundskrivet har verknad som eit utgangspunkt for utforming av politivedtekter i kommunane, både i form og innhald.

Politivedtektene i dei tidlegare kommunane er med svært få unntak likt utforma og dei byggjer på normalpolitivedtekta som var gjeldende på vedtakstidspunktet. Politivedtektene er noko justert sidan den gong. Framlegget til politivedtekter for Alver kommune er lagt opp etter siste oppdaterte normalpolitivedtekter gjeven ved rundskriv 02/2018 frå politidirektoratet, datert 13.02.2018. Rundskrivet beskriv også sakshandsamingsreglar i tillegg til form og innhald i av ein politivedtekt.

Normalpolitivedtekter med kommentarar er vedlagt saka.

#### Sakshandsaming:

Ein politivedtekt er formelt sett ein lokal forskrift og sakshandsamingsreglane i forvaltningslova § 37 skal følgjast ved tilblivinga.

Utarbeiding av forslag til vedtekt skal skje i samarbeid med politiet og forslaget skal handsamast av kommunestyret.

Når forslag til politivedtekt er vedteken av kommunestyret skal forslaget ut på høyring. Kommunestyret vil deretter handsame innspel og vedta endeleg ordlyd i forskrifta. Politivedtekta skal sendast til Politidirektoratet for legalitetskontroll, stadfesting og kunngjering.

#### **Saksopplysningar:**

Vedlagte utkast til forskrift er utarbeida i samarbeid med Lensmannen i Nordhordland. Lensmann Idar Vangberg har i eige møte med administrasjonen gått gjennom dei tidlegare forskriftene og normal politivedtekta og forslaget som ligg føre er utarbeidd i fellesskap. Frå Alver kommune deltok Martin Kulild og Jarle Landås.

Normalpolitivedtekta er i hovudsak lagt til grunn, med nokon få lokale tilpassingar.

I § 2-4 er det gjeven tre ulike alternativ som administrasjonen ber om at kommunestyret tek stilling til. Alternativa er henta frå normalpolitivedtekten. Eit fjerde alternativ er at det ikkje regulerast noko om tigging.

Lensmannen er klar på at han etter eit politifagleg standpunkt ønskjer eit forbod mot tigging, altså at alternativ ein i utkastet skal vere gjeldande for Alver kommune. Bakgrunnen for dette er opplevd utfordringar med tigginga i Knarvik. Det er bakmenn som ofte styrar tigginga og det er erfart at det også fører med seg tilleggsutfordringar som prostitusjon og anna kriminell åtferd.

**Vedlegg i saken:**

08.01.2021	Normalvedtekter med kommentarer - nynorsk	1495556
08.01.2021	Forskrift politivedtekter Alver kommune	1495563